

Arbeidsplan for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 2016 – 2019

Mål:

- ∞ Innbyggerane i Sogn og Fjordane veit kven vi er, kva saker vi har jobba med, og kva som kan brukast vidare i neste periode
- ∞ Fylkespolitikarane skal vite kva fylkesrådet er og kva vi jobbar med - fylkestinget/fylkeskommunale organa oppsøker aktivt fylkesrådet
- ∞ Rådet ynskjer å engasjere seg i offentleg tenesteyting, opplæring og universell utforming

Tiltak:

- ∞ Lage digital informasjonsbrosjyre om fylkesrådet, samleinformasjon og dagsaktuelle ting
- ∞ Arrangere konferanse for heile fylket, eller regionvis?
- ∞ Vere aktive i media for å stå i spissen for saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne
- ∞ Vere synleg i fylkesting og fylkesutval
- ∞ Oppsøke og informere alle partigruppene
- ∞ Invitere leiarane for hovudutvala (inkl. fylkesdirektørane) til dialog med fylkesrådet. Kva ser for eksempel hovudutvala for seg av kva som er utfordringar og kva fylkesrådet kan engasjere seg i
- ∞ Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO ha dialog med brukarorganisasjonane, for å få innspel på viktige saker som fylkesrådet bør jobbe med
- ∞ Samarbeide med dei kommunale råda for å få innspel og drive oppfølging

Aktivitet i 2016:

- ∞ Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO har starta dialogen med brukarorganisasjonane, for å få innspel på viktige saker
- ∞ I juni vart det sendt oppmoding til kommunane om å kartlegge friluftareal som er universelt utforma og legge dette inn i fylkesatlas
- ∞ Fylkesrådet fekk i juni god informasjon om universell utforming og dei sju prinsippa som ligg til grunn for universell utforming
- ∞ Det er sendt uttalar til kommunar og fylkeskommunen om saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne

Planlagt aktivitet i 2017:

- ∞ I 2017 arrangerer fylkesrådet for menneske med nedsett i funksjonsevne i Sogn og Fjordane landskonferanse saman med Hordaland og Rogaland. Landskonferansen vert i Stavanger 31. oktober – 1. november 2017, og arbeidet er kome godt i gang
- ∞ Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO oppretthalde den gode dialogen med brukarorganisasjonane
- ∞ Sende uttalar til fylkeskommunen og andre offentlege etatar om saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne